



sparebankstiftinga
sogn og fjordane

PROTOKOLL

ORDINÆR GENERALFORSAMLING

I

SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Dato: 12. april 2012, kl 12.00

I

Stad: Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde (4. etasje).

1. Registrering og opning av generalforsamlinga ved styreleiar

Den ordinære generalforsamlinga vart opna av styreleiar Trude Brosvik.

Desse møtte:

Jon Gimmestad, Viggo Leikanger, Agnes Landstad, Per Hillern og Anne Margrethe Ramstad Øvsthus. Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes møtte for Myrtel Janne Thomassen.

I tillegg møtte styreleiar Trude Brosvik, styremedlemer Tore Jakob Madsen, Kjartan Strand, direktør Kjell Sandnes, kultursjef Pål Fidjestøl og statsautorisert revisor Rune Norstrand Olsen.

Desse var innkalla men møtte ikkje:

Myrtel Janne Thomassen, Tom Joensen Tore Dvergsdal, Arne Klausen, Gro Rukan, Jarl Tyssekvam og Bente Nesse.

Generalforsamlinga var vedtaksfør då halvparten av medlemane var tilstades.

2. Val av møteleiar

Jon Gimmestad vart valt til møteleiar.

3. Val av referent

Pål Fidjestøl vart valt til referent.

4. Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste.

5. Godkjenning av 2 medlemmar til å skrive under møteprotokoll saman med møteleiar

Per Hillern og Anne Margrethe Ramstad Øvsthus vart valt til å underskrive protokoll saman med møteleiar.

6. Endring av vedtekter

Styret sitt framlegg til endring av vedtekter var utsendt saman med saklista. Direktør Kjell Sandnes orienterte om dei foreslåtte endringane.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek følgjande endringar i stiftinga sine vedtekter under føresetnad av Finanstilsynet si godkjenning:

1. § 2 – 2 nytt 3. ledd med følgjande ordlyd:
Generalforsamlinga vel ein valkomitè med 4 medlemmer. Medlemene av valkomitèen vert valde for to år. To av medlemene vert valde i partalsår, medan ein medlem vert valt i oddetalsår. Leiar av generalforsamlinga er fjerde medlem og skal vere leiar av valkomitèen. Valkomiteen skal førebu vala, her under ta omsyn til at samansettinga av generalforsamlinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytte til sparebankstiftinga si verksemd. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjerast i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast ved brev, her under elektronisk post eller annen forsvarlig måte etter styret si nærmare avgjerd. Valkomitèen skal i sitt arbeid ta geografiske omsyn slik at dei kommunane der Sparebanken Sogn og Fjordane har verksemda, si så langt det let seg gjere, vert representerte.
2. § 2 – 2 nytt 4. ledd med følgjande ordlyd
Medlemene av generalforsamlinga vert som hovudregel valde for 4 år. Varamedlemer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast kvart år innan utløpet av april månad. Attval kan finne stad.
3. § 2 – 2 nytt 5. ledd med følgjande ordlyd:
Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar vert valde for to år; val av leiar skjer i oddetalsår og nestleiar i partalsår. Val av medlemmer eller varamedlemer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving. Medlemer og varamedlemer av generalforsamlinga må ikkje ha styreombod eller vere tilsett i selskap som konkurrerer med Sparebanken Sogn og Fjordane. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemen inn i vedkomande sin stad inntil det kan veljast ny medlem for resten av vedkomande medlem si funksjonstid. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.
4. § 2 – 2, 6. ledd går ut og blir erstatta med ny
§ 4 Ikraftsetting og overgangsreglar, med følgjande ordlyd

§ 4-1 Ikraftsetting

Endringane i §§ 2-2, 2-4 og 4-2 trer i kraft straks dei er godkjende av Finanstilsynet.

§ 4-2 Overgangsreglar

a. Generalforsamlinga

I ein overgangsperiode må det gjennomførast uttrekking for å oppnå årlege val av tre medlemmer av generalforsamlinga.

I år 2011 vart tre medlemmer av generalforsamling trekte ut til å stå på val og ein medlem gjekk ut av generalforsamlinga av habilitetsomsyn. Dei tre som erstatta uttrekte medlemmer har ei funksjonstid på fire år og kan ikkje trekkast ut til å stå på val i denne funksjonstida. Den som erstatta medlemmen som gjekk ut av habilitetsomsyn, kan i funksjonstida trekkast ut til å stå på val.

I år 2012 vart det ikkje trekt ut medlemmer av generalforsamling til å stå på val.

I kvart av åra 2013, 2014 og 2015 skal det trekkast ut tre medlemmer til å stå på val. Dei som erstattar dei uttrekte medlemmene vil få ei funksjonstid på fire år, og kan ikkje trekkast ut til å stå på val i funksjonstida.

I år 2013 skal det gjennomførast val av leiar av generalforsamlinga, og i år 2014 skal det gjennomførast val av nestleiar.

5. § 2 – 4. nytt 3. ledd:

Styremedlemer, her under styreleiar og varamedlemer, vert valde av generalforsamlinga for to år om gongen. Avhengig av om styret har 3, 5 eller 7 medlemmer, skal høvesvis 1, 2 eller 3 medlemmer veljast i partalsår, og 2, 3 eller 4 medlemmer veljast i oddetalsår. Attval kan finne stad

7. Val

Leiar i valkomiteen, Jon Gimmestad, innleia med ei orientering om valkomiteen sitt arbeid og innstilling.

7.1 Val av 3 styremedlemer for 2 år.

Følgjande vart samrøystes valde som styremedlemer for 2 år:

Bjørn Vollstad,	Førde	2012 - 2013
Aslaug Nesje Bjørlo	Gloppen	2012 - 2013
Tore Jakob Madsen	Flora	2012 - 2013

7.2 Val av 1 varamedlem til styret for 2 år.

Følgjande vart samrøystes valt som varamedlem for styret for 2 år:

Laila Vilnes Helgheim,	Førde	2012 - 2013
------------------------	-------	-------------

7.3 Val av 2 medlemmer til valkomiteen for 2 år.

Følgjande vart samrøystes valt som medlemmer i valkomiteen for 2 år:

Agnes Landstad,	Leikanger	2012 – 2013
Tore Dvergsdal,	Førde	2012 - 2013

7.4 Val av leiar i Generalforsamlinga.

Følgjande vart samrøystes valt som leiar av Generalforsamlinga:

Jon Gimmedstad, Gloppen

7.5 Val av nestleiar i Generalforsamlinga.

Følgjande vart samrøystes valt som nestleiar av Generalforsamlinga:

Bente Nesse, Høyanger

8. Fastsetting av godtgjersle til styrets medlemmer

Følgjande satsar for godtgjersle for tillitsvalde vart samrøystes vedtekne som gjeldande frå og med 12.04.2012:

	Satsar gjeldande frå 12.04.2012	
	Pr år	Pr møte
Generalforsamling:		
Leiar	20.000	3.000
Nestleiar		3.000*
Medlemer		2.000
Varamedlemer		2.000
Styret:		
Leiar	100.000	3.000
Nestleiar	50.000	3.000
Medlemer	25.000	3.000
Varamedlemer		3.000
Vara for tilsette	12.500	3.000
Valkomite:		
Leiar	12.500	3.000
Nestleiar		2.000
Medlemer		2.000
Varamedlemer		2.000
Telefon/videomøte:		
I samband med telefon/videomøte som varer inntil 2 timar skal møtegodtgjersle utbetalast med 50% av gjeldande satsar. Ved møte som varer meir enn 2 timar, skal det utbetalast ordinær møtegodtgjersle."		

*3.000 når vedkomande leier møtet, elles 2.000.

I tillegg dekkjer stiftinga tappt arb.forteneste med inntil kr 1.300 (dokumentert) og inntil 500 (ikkje dokumentert).

Generalforsamlinga ber styret/administrasjonen sjå på problemstillinga med tappt arbeidsforteneste for personleg næringsdrivande.

9. Val av revisor og fastsetting av revisor si godtgjersle

Deloitte AS v/ Rune Norstrand Olsen vert valt som Stiftinga sin revisor. Revisjonshonorar vert fastsett etter rekning.

10. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding

Kjell Sandnes orienterte om saka

Samrøystes vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og at årsrekneskapen med årsresultat kr. 38.323.000,- , balanse kr 1.809.276.000,- og tilhøyrande notar vert godkjent som selskapet sitt årsoppgjer for 2011 saman med Revisjonsmelding frå revisor.
2. Av årsresultatet på kr 38.323.000,- er kr 12.352.000,- disponert til gåver i 2011. Generalforsamlinga godkjenner at resten av overskotet, kr. 25.971.000, blir disponert slik:
 - Gåver til allmennyttige formål i 2012: kr 9.000.000,-
 - Avsetning til gåvefond/gåver i 2013: kr 8.000.000,-
 - Overført til annan eigenkapital: kr 8.971.000,-

Møteprotokoll godkjend og møtet heva.


Jon Gimmestad
-leiar-


Anne Margrethe Ramstad Øvsthus


Per Hillern